


Alver kommune

## ► Analyse av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

Meland

Oppdragsnr.: 5192415 Dokumentnr.: 01 Versjon: 02 Dato: 2020-05-15



**Oppdragsgjevar:** Alver kommune  
**Oppdragsgjevars kontaktperson:** Olaf Michal Hella  
**Rådgjevar** Norconsult AS, Valkendorfs gate 6, NO-5012 Bergen  
**Oppdragsleiar:** Ingvild Hernes Lunde  
**Fagansvarleg:** Ingvild Hernes Lunde  
**Andre nøkkelpersonar:** Daria Romanowska, Ingunn Maria Thorbergsdottir

02	2020-05-15	Endeleg versjon	DAROM	IHE	IHE
01	2020-04-20	For gjennomlesing hjå oppdragsgivar	DAROM	IHE	IHE
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

## Føreord

Tidlegare Meland kommune, som no er ein del av Alver kommune, skal utarbeide analyserapport for særleg farlege skuleveggar i Meland. Tidlegare Lindås og Radøy kommune som no også er ein del av Alver kommune, har utført same analysen. Bakgrunnen for prosjektet er ei betre oversikt over og analyse av trafikksituasjonen på skulevegane som ligg innafør 4 km frå skulane. Dette for å kunne gjere ei best mogleg og objektiv vurdering i samband med handsaming av søknadar om fri skuleskyss.

### Hovudmål:

Definere vegstrekingar i Meland som fell inn under kriteria for særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for alle grunnskuleelevar, og i tillegg særskilt for elevar i 1. og 2. klasse.

### Resultatmål (Kva skal prosjektet levere?)

Ei konkret analyse av vegstrekingar i Meland som blir definert som særleg farleg skuleveg for alle elevar- eller for elevar i 1. og 2. klasse på skulen – (Analysen gjeld for vegstrekingar innafør ein radius på 4 km rundt kvar grunnskule).

Analysen gjeld for følgjande skular: Rossland, Grasdal, Vestbygd, Sagstad og Meland ungdomsskule.

Det er også laga eit forslag til ein tiltaksplan for å redusere omfang av særleg trafikkfarleg skuleveg.

Rettleiar «Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg» frå Trygg Trafikk har vore rettesnor i arbeidet.

Norconsult har vore rådgjevar og har hatt sekretærrolla i prosjektgruppa. Prosjektgruppa har bestått av:

Olaf Michal Hella, Alver kommune, Tenesteleiar for skule

Leif Bjørnar Hopland, Alver kommune

Ingvild Hernes Lunde, Norconsult

Daria Romanowska, Norconsult

I tillegg har Ingunn Maria Thorbergsdottir deltatt i prosjektet frå Norconsult.

Norconsult har hatt ansvar for å utforme rapporten.

## Samandrag

Alver kommune skal utarbeide analyserapport for særleg farlege skuleveggar i tidlegare Meland kommune. Det er mange av vegane i kommunen som er farlege skuleveggar. Denne analysen rettar seg mot strekningar som er særleg farlege eller vanskelege. Analyserapporten skal vere eit hjelpemiddel i vurderinga av fri skuleskyss på grunnlag av særleg farlege eller vanskelege skuleveggar. Analysen gjeld for følgjande skular: Rossland, Grasdal, Vestbygd og Sagstad skular samt Meland ungdomsskule.

Strekningar/ punkt som er vurdert som særleg farleg/ vanskeleg i rapporten, er vurdert for alle grunnskuleelevar og i tillegg særskilt for 1. og 2. klasse elevar, innanfor 4 km grensa. Ulike føresetnader samt alder på elevane vil kunne bety at det er fleire strekningar/ punkt enn det som er vist i rapporten som kan vurderast som særleg farleg / vanskeleg skuleveg for einskilde elevar. Om ein veg er særleg farleg eller vanskeleg, heng nøye saman med føresetnader og modning hjå det einskilde born. Det som er særleg farleg for ein 6-åring er ikkje nødvendigvis like farleg for 10-åringen eller 15-åringen. Trafikkferdigheitane er heilt avhengig av relevant trening og opplæring. Det er også store individuelle skilnader mellom born på same aldersnivå.

Resultatet som er vist i rapporten er basert på fleire kriteria, blant anna:

- Om det er fortau eller gang- og sykkelveg på strekninga
- Kva fartsgrensa er
- Kva trafikkmengda (ÅDT) er
- Vegbreidd. Om denne er over eller under 4 meter
- Om det lys
- Ulukker

Det er også vurdert breidde på skulder, sikt og sikthindringar, type og tal på vegkryss, inn- og utkøyringar, kryssing av veg, om det er gangfelt. Resultatet som er presentert i rapporten er basert på dagens vegtilstand. I tabellen under er vist delar av strekningar som er vurdert som særleg/ farleg skuleveg for alle skuleelevar i Meland, fordelt på skulekrins.

Skulekrins	Vegnamn og nummer
Rossland	Fv. 564 Rosslandsvegen
	Fv. 5318 Skjelangervegen
	Fv. 5316 Eikelandsvegen
Grasdal	Fv. 5310 Ådlandsvegen
Vestbygd	Fv. 564 Rosslandsvegen
	Fv. 564 Rosslandsvegen, kryssingsstad
Sagstad skule og Meland ungdomsskule	Fv. 564 Rosslandsvegen
	Fv. 5310 Ådlandsvegen

## Innhald

<b>Føreord</b>	<b>3</b>
<b>1 Innleiing</b>	<b>6</b>
<b>2 Metode og analyse</b>	<b>7</b>
2.1 GIS-analysar	7
2.2 Krav i handboka til tilbod for mjuke trafikantar langs offentlege vegar	9
2.3 Synfaring frå bil	9
<b>3 Særleg farlege skulevegar</b>	<b>10</b>
3.1 Rossland skule	11
3.2 Grasdalen skule	16
3.3 Vestbygd skule	19
3.4 Sagstad skule og Meland ungdomsskule	23
<b>4 Haldeplassar</b>	<b>27</b>
<b>5 Tiltaksplan</b>	<b>28</b>
<b>6 Born sine føresetnader i trafikken</b>	<b>29</b>
6.1 Elevar på 1. trinn	29
6.2 Elevar på 2. og 3. trinn	29
6.3 Elevar på 4. og 5. trinn	29
6.4 Elevar på 6. og 7. trinn	30
6.5 Elevar på 8. til 10. trinn:	30
<b>7 Klimatiske tilhøve</b>	<b>31</b>
<b>8 Haldningsskapande arbeid</b>	<b>32</b>
8.1 Kommunen / skulen sitt ansvar	32
8.2 Foreldra sitt ansvar	32

## 1 Innleiing

Opplæringslova kapittel 7 omhandlar elevar sin rett til skuleskyss. Skyssgrensa er 2 km for elevar på 1.trinn og 4 km for elevar på 2.-10. trinn. I tillegg har elevane rett på skyss dersom skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg.

Det er mange av vegane i kommunen som er farlege skulevegar. Denne analysen rettar seg mot strekningar som er særleg farlege eller vanskelege. Utdanningsdirektoratet (Udir-3-2009) presiserer at elevar som ferdast i trafikken alltid vil vera utsett for ein viss fare og vilkåret «særleg farleg» i §7-1 må forståast som ei fare utanom det vanlege.

Denne analyserapporten skal vere eit hjelpemiddel i vurderinga av fri skuleskyss på grunnlag av særleg farlege eller vanskelege skuleveg. Dei markerte strekningane gir i utgangspunktet ikkje automatisk rett til fri skuleskyss, men det er eit hjelpemiddel for dei som handsamar søknadane og fattar vedtaket.

Strekningar/ punkt som er vurdert som særleg farleg/ vanskeleg i rapporten, er vurdert for alle grunnskuleelevar og i tillegg særskilt for 1. og 2. klasse elevar, innanfor 4 km grensa. Ulike føresetnader samt alder på elevane vil kunne bety at det er fleire strekningar/ punkt enn det som er vist i rapporten som kan vurderast som særleg farleg / vanskeleg skuleveg for einskilde elevar.

Resultatet som er vist i rapporten er basert på fleire kriteria, blant anna:

- Om det er fortau eller gang- og sykkelveg på strekninga
- Kva fartsgrensa er
- Kva trafikkmengda (ÅDT) er
- Vegbreidd. Om denne er over eller under 4 meter
- Om det lys
- Om det er registrert ulukker på strekninga i perioden 2009-2018

Det er også vurdert breidde på skulder, sikt og sikthindringar, type og tal på vegkryss, inn- og utkøyringar, kryssing av veg og om det er gangfelt.

Resultatet som er presentert i rapporten er basert på dagens vegtilstand. Dersom det vert gjort utbetringar og tiltak på aktuelle strekningar må det gjerast ei ny vurdering av desse for eventuelt å fjerne markeringa som særleg farleg skuleveg.

## 2 Metode og analyse

Utdanningsdirektoratet (Udir-3-2009) presiserer at elevar som ferdast i trafikken alltid vil vera utsett for ei viss fare og vilkåret «særleg farleg» i §7-1 må forståast som ein fare utanom det vanlege.

Metoden som har vore nytta i arbeidet har vore GIS-analysar som utgangspunkt for utval av strekningar. Deretter er det nytta synfaring frå bil for visuell sjekk av utvalde punkt og strekningar. Dette har vore grunnlag for forslag lagt fram i møter med kommunen.

### 2.1 GIS-analysar

For kvar skulekrins er det laga kart som viser omriss av strekningar som er innafør 4 km grensa. På desse karta er det lagt på verdiar som viser

- Om det er fortau eller gang- og sykkelveg på strekninga
- Kva fartsgrensa er
- Kva trafikkmengda (ÅDT) er
- Vegbreidd. Om denne er over eller under 4 meter
- Om det lys
- Ulukker

Nokre eksempel er vist i figur under.



Figur 1: Kart som viser fartsgrense på vegane i Vestbygd skulekrins





Figur 2: Kart som viser vegdekkebreidde på vegar i Rosland skulekrets (over eller under 4 meter).

Vegar utan fortau eller gang- og sykkelveg og som har vegbreidd under 4 m, høg fartsgrense og mykje trafikk har særlege grunnar til å undersøkjast vidare. Særleg der alle eller fleire kombinasjonar av desse parametrane slår inn.

For strekningar som er vurdert å være særleg farleg eller vanskeleg for elevar i 1. – 2. klasse er det primært skilt på om strekningane har eit tilbod for mjuke trafikantar i dag.



## 2.2 Krav i handboka til tilbod for mjuke trafikantar langs offentlege vegar

I Statens vegvesen si handbok N100 er det skilt mellom hovudvegar, andre hovudvegar og lokale vegar. Dei fleste av strekningane som er omtalt i denne rapporten er lokale vegar (utanom hovudfylkesvegar). Desse vegane har ÅDT mindre enn 1500 og fleire av vegane har fartsgrense 50 km/t. Kravet i handboka er at desse vegane skal ha eige tilbod til mjuke trafikantar viss ÅDT er over 1000, eller strekninga er definert som skuleveg. 1,5 m skulder på begge sider kan vurderast der gang- og sykkelveg er vanskeleg å få til, men anbefalast ikkje der strekkingen er definert som skuleveg.

Andre lokale vegar, med ÅDT under 300, har ikkje noko krav til tilbod til mjuke trafikantar. Vegen bør vere smal og invitere til lågt fartsnivå.

## 2.3 Synfaring frå bil

Det er gjennomført synfaring frå bil med videoopptak innanfor 4 km grensa for kvar skulekrets. Synfaring blei gjennomført 12.desember 2019 og 17.februar 2020. Ved å køyre strekningane får ein eit visuelt inntrykk av siktilhøve og sideareal. Ved bruk av video i analysearbeidet kan ein også sette på pause, og «køyre» same vegen fleire gonger. Særleg sikt i kurver, og grøftebreidd er viktig å få sjekka ut.

### 3 Særleg farlege skuleveggar

Etter GIS analyse, synfaringar og møter med kommunen har ein kome fram til fylgjande resultat der markerte strekningar er vurdert som særleg farleg eller vanskeleg for alle elevar samt særskilt for elevar i 1. og 2. klasse. Det er i denne vurderinga ikkje tatt omsyn til om vegen berre er farleg for eksempel om vinteren. Strekningar som er vurdert som særleg farlege eller vanskelege er vist i kart. Strekningane som er vurdert å vere særleg farleg eller vanskelege for alle elevar er begrunna og vist med bilder. Strekningane som er vurdert å vere særleg farleg eller vanskeleg for elevar i 1.-2. klasse er lista opp og kort omtala.

### 3.1 Rosland skule



Figur 3: Særleg farleg/vanskeleg strekning for alle og særleg farleg/vanskeleg strekning for 1. og 2. klasse på skulevegar i Rosland skulekrins

### 3.1.1 Fv. 564 Rosslandsvegen

Er det fortau/GS-veg på strekninga: Nei

Fartsgrense: 60 km/t i starten av strekninga i sør, 40 km/t ved skulen, 50 km/t ved svingane

ÅDT: frå 2000 til 1400 ved skulen og svingane

Vegbreidd: mesteparten over 4 m med nokre smale parti under 4 m

Veglys: Ja

Det er fleire krappe kurver med redusert sikt langs strekninga. Sikring mot stup er ikkje innanfor krava i handbøkene. Fartsnivå er truleg lågt.



Figur 4: Fv. 564 Rosslandsvegen

I perioden 2009 til 2018 er det registrert 1 ulukke på strekninga: uhell ved av- eller påstigning av køyretøy med ein lettare skadd. Ei kvinne blei påkøyrte to gongar av eigen bil. Det er truleg ikkje ei ulukke som skuldast vegutforming.

#### Forslag til tiltak:

Det bør etablerast separat tilbod til mjuke trafikantar på strekninga. Ved bygging av fortau eller gang- og sykkelveg (der fartsgrensa er over 50 km/t) vil ein kunne fjerne markeringa som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

### 3.1.2 Fv. 5318 Skjelangervegen

Er det fortau/GS-veg på strekninga: Nei

Fartsgrense: 80 km/t

ÅDT: 400

Vegbreidd: over 4 m

Veglys: Nei

Vegen er relativt oversiktleg og oppmodar til høg fart. Der har vore to ulukka på strekninga kor einsleg køyretøy køyrde utfor vegen. Begge ulukkene har ført til lettare skade.



Figur 5: Fv. 5318 Skjelangervegen

#### Forslag til tiltak:

Etablering av GS-veg på strekninga vil fjerne markering som særleg farleg skuleveg. Det er ikkje krav til eige tilbod på grunn av liten ÅDT.

#### **3.1.3 Fv. 5316 Eikelandsvegen (Ryland-Eikeland)**

Er det fortau/GS-veg på strekninga: Nei

Fartsgrense: iht. NVDB 60 km/t, skilting tilsvarar 80 km/t

ÅDT: 150

Vegbreidd: under 4 m

Veglys: Nei





Figur 6: Fv. 5316 Eikelandsvegen

Vegen er feil skilta. Fartsgrenseskilt er ikkje gjentatt etter krysset mot lo, så det betyr at fartsgrense 60 km/t blir oppheva. Det er stort sett grei sikt, utanom nokre kurver. Det er lite trafikk. Det er ikkje registrert ulukke på strekninga i 10 års perioden.

Forslag til tiltak:

Etablering av GS-veg på strekninga. Det er ikkje krav til eige tilbod for mjuke trafikantar med mindre vegen blir definert som skuleveg. Vegbelysning kan bidra til betre oppleving av vegen og auka tryggleikfølelse for alle som ferdast der. Siktutbetring i krappe kurver bør gjennomførast. Det bør gjerast ei vurdering av kva fartsgrense vegen skal ha.

### **3.1.4 Vurdering av strekningar for elevar i 1.-2-klasse**

For elevar i 1. og 2. klasse er desse strekningane vurdert å vere særleg farlege eller vanskelege:

Tabell 1: Oversikt over strekningar som er definert som særleg farleg eller vanskeleg for elevar i 1. og 2. klasse

Vegnamn	Fartsgrense	ÅDT	Vegbreidd	Vegllys	Kommentar
Fv. 5316 levegen (mot lo)	60	300	Over 4 meter	Ja	Vegen har stort sett god sikt, belysning og lite trafikk.
Kv. 2122 Skintveitvegen	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Delvis	Det manglar sikring mot vatn nokre stader. Det er uoversiktleg parkeringsplass ved skulen, kor ein må rygge.
Kv. 2123 Stekkevikvegen	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Nei	Intern veg med låg trafikk og fart. Leder mot gammal Vikebø kai.
Kv. 2124 Åsebøvegen	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Nei	
Kv. 2125 Rossland	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Nei	Vegen er eit lite vegstykke mellom Rosslandsvegen og Åsebøvegen. Det er truleg berre lokale som nyttar denne, utan gjennomkøyring.
Kv. 2126 Skurtveitvegen	30	ikkje registrert	ikkje registrert	Nei	Det er låg fartsgrense, fartshumpar og lite trafikk på vegen.

Ingen av desse strekningane har tilbod til mjuke trafikantar, utanom ei kort strekning ved skulen på Skintveitvegen.



Figur 7: Stabbesteinar som skiring mot vatn i Skintveitvegen


Vegane er markert som særleg farleg på grunn av manglande tilbod til mjuke trafikantar. Dersom slikt tilbod blir etablert, vil markeringa fjernast.

Det bør vurderast tiltak med nedskilting av fartsgrense på fylkesvegane. Fartsgrense 60 er ikkje naturleg her, og det bør vurderast å redusere denne.

Stekkevikvegen bør vurderast å få fartsgrense 30 km/t og fartshumpar.



## 3.2 Grasdal skule




Figur 8: Særleg farleg/vanskeleg strekning for alle og særleg farleg/vanskeleg strekning for 1. og 2. klasse på skuleveggar i Grasdal skulekrins

### 3.2.1 Fv. 5310 Adlandsvegen (frå Littlebergen til Gaustad)

Er det fortau/GS-veg på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 50 km/t  
ÅDT: 2000 (ved Littlebergen)- 400 (ved Gaustad)  
Vegbreidd: over 4 m  
Veglys: berre frå Littlebergen til kryssa mot Heiane

Vegen har høg ÅDT og kurvatur som byr til høgare fart enn skilta. Det har vore fire ulukker på strekninga kor einsleg køyretøy køyrte utfor. Tre av desse har resultert i lettare skadd, mens ein var alvorleg skadd.



Figur 9: Oversikt over ulykker fv. 5310



Figur 10: Fv. 5310 Ådlandsvegen

**Forslag til tiltak:**

Det planleggast vegutbetring med gang- og sykkelveg. Etablering av tilbod til mjuke trafikantar vil kunne stryke markeringa som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

### 3.2.2 Vurdering av strekningar for elevar i 1.-2-klasse

For elevar i 1. og 2. klasse er desse strekningane vurdert å vere særleg farlege eller vanskelege:

Tabell 2: Oversikt over strekningar som er definert som særleg farleg eller vanskeleg for elevar i 1. og 2. klasse

Vegnamn	Fartsgrense	ÅDT	Vegbreidd	Veglys	Kommentar
Fv. 5312 Håtuftvegen	50 og 80	150	ikkje registrert	Nokre stolpar	
Kv.2133 Hestdal	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Nokre stolpar	
Kv. 2136 Hestnes	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Nei	
Kv. 2137 Fureskjeggvegen	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Ja	
Kv. 2135 Skarpenesvegen	50	ikkje registrert	ikkje registrert	3 stolpar	Det er en slyng på vegen, det er bratt.
Kv. 2132 Moldekleiv	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Ja	Fartsgrense 30 km/t kan vurderast.
Kv. 2129 Littlebergen	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Nei	

Vegane er markert som særleg farlege, på grunn av manglande tilbod til mjuke trafikantar. Viss tilbodet blir etablert, vil markeringa fjernast.



Figur 11: Slyng på kv. 2135, Skarpenesvegen



### 3.3 Vestbygd skule



Figur 12: Særleg farleg/vanskeleg strekning for alle og særleg farleg/vanskeleg strekning for 1. og 2. klasse på skulevegar i Vestbygd skulekrins

#### 3.3.1 Fv. 564 Rosslandsvegen

Er det fortau/GS-veg på strekninga: Nei

Fartsgrense: 80 km/t

ÅDT: 3500

Vegbreidd: over 4 m

Veglys: berre i kurva lengst sør

Vegen har god standard, er brei (med gul midtlinje) og oversiktleg. Vegutforminga byr på høgt fart.



Figur 13: Fv. 564 Rosslandsvegen

#### Forslag til tiltak:

GS-veg planleggast på strekningen. Prosjektet ligg inne i Nordhordlandspakken. Når det er utført, vil vegen ikkje vere særleg farleg lenger.

### **3.3.2 Kryssingspunkt over fv. 564 ved Fløksand**

Er det fortau/GS-veg på strekninga: frå plattform til kryssingspunktet

Fartsgrense: 60 km/t, rett ved slutten av 80-sone

ÅDT: 2700

Vegbreidd: over 4 m

Veglys: Ja

Kryssingspunkt er plassert rett ved kurven på fylkesvegen, i nærleik av slutt på 80-sone. Sikt for kryssande frå vest mot øst er svært dårleg på grunn av innerkurve og vegetasjon (hekk og trær). Truleg høgt fartsnivå her.



Figur 14: Farleg kryssingspunkt utan god nok sikt ved Fløksand

#### Forslag til tiltak:

I høve til V127 «Kryssingssteder for gående» kan fartsnivå ikkje overstige 45 km/t ved kryssingspunkt/gangfelt i 60-sone. I V128 «Fartsdempende tiltak» finnes det ikkje fartsdempande tiltak for 60-sone. Det bør då vurderast å sette ned fartsgrense i kombinasjon med fartsreduserande tiltak.

Siktzone må sikrast. Det kan vere behov for å gå innpå privat eigendom.

### **3.3.3 Vurdering av strekningar for elevar i 1.-2-klasse**

For elevar i 1. og 2. klasse er desse strekningane vurdert å være særleg farlege eller vanskelege:

Tabell 3: Oversikt over strekningar som er definert som særleg farleg eller vanskeleg for elevar i 1. og 2. klasse

Vegnamn	Fartsgrense	ÅDT	Vegbreidd	Veglys	Kommentar
Kv. 2034 Mongsedalen	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Ja	Skuleveg. Det er manglande samband mellom strekninga ved GS-veg og skulen. Bør skiltast ned til 30 km/t.
Kv. 2035 Hjertåsvegen	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Ja	
Kv. 2115 Holmeknappen	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Nei	Kort veg frå fv. til Holmemknappen. Kan med fordel skiltast til 30 km/t.
Kv. 2146 Hoplandsvegen	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Nei	
Fv. 5308 Melandsvegen	50	350-400	Over 4 m	Nei	
Fv. 5312 Melandsvegen	80	150	Over 4 m	Nei	Det bør vurderast nedskilting av vegen til 60 km/t.
Kv. 2147 Røyset	50	ikkje registrert	ikkje registrert	Nei	Vegen har en del slyngar, er bratt og smal. Fartsnivå er truleg låg. Fartsgrense 30 km/t kan vurderast.

Vegane er markert som særleg farlege, på grunn av manglande tilbod til mjuke trafikantar. Viss det blir etablert eit tilbod, vil markeringa kunna fjernast.



Figur 15: Redusert sikt i innerkurve på fv. 5308



### 3.4 Sagstad skule og Meland ungdomsskule



Figur 16: Særleg farleg/vanskeleg strekning for alle og særleg farleg/vanskeleg strekning for 1. og 2. klasse på skulevegar i Sagstad og Meland skulekrins

#### 3.4.1 Fv. 564 Rosslandsvegen

Er det fortau/GS-veg på strekninga: Nei

Fartsgrense: 80 km/t

ÅDT: 3500

Vegbreidd: Over 4 meter

Vegløys: I all hovudsak ikkje. Nokre lysmaster lengst vest på strekninga.

Vegen har god standard, med brei køyrevveg og gul midtlinje. Nokre kurver med mindre sikt. Det er ingen areal på sida av vegen for mjuke trafikantar.

Det er registrert 2 ulykker på strekninga i siste 10 års periode (2009-2018). Ei møteulykke og ei utforkøyringsulykke. Møteulykka enda med alvorleg skade, medan utforkøyringsulukka enda med lettare skade.



Figur 17: Rv 564 Rosslundvegen (bilde henta frå [www.googlemaps.com](http://www.googlemaps.com))

**Forslag til tiltak:**

Etablering av gang- og sykkelveg på strekninga. Dette vil kunne fjerne markeringa særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

**3.4.2 Fv. 5310 Ådlandsvegen**

Er det fortau/GS-veg på strekninga: Nei

Fartsgrense: 80 km/t

ÅDT: 2000

Vegbreidd: Over 4 meter

Veglys: Nei, veglysa statar akkurat i overgang til Grasdal skulekrets



Figur 18: Fv. 5310 Ådlandsvegen (bilde henta frå [www.googlemaps.com](http://www.googlemaps.com))



Vegen har noko redusert standard. Det er fjellskjering på vestsida og fylling ned mot sjøen på austsida av vegen. Det er ingen areal på sidene av vegen for mjuke trafikantar.

#### Forslag til tiltak:

Etablering av gang- og sykkelveg på strekninga. Dette vil kunne fjerne markeringa særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

### 3.4.3 Vurdering av strekningar for elevar i 1.-2-klasse

Tabell 4: Oversikt over strekningar som er definert som særleg farleg eller vanskeleg for elevar i 1. og 2. klasse

Vegnamn	Fartsgrense	ÅDT	Vegbreidd	Veglys	Kommentar
Fv 5308 Sagstadvegen	50	1600 (Frekhaug) og 400 (Nedre Dale)	Over 4 meter	Nei	
Kv. 2145 Øvredalsvegen	50	Ikkje registrert	Ikkje registrert	Nei (kun eit og anna)	
Kv. 2144 Indre Sagstad	50	Ikkje registrert	Ikkje registrert	Nei (kun eit og anna)	
Kv. 2143 Øvre Sagstad	50	Ikkje registrert	Ikkje registrert	Nei (kun eit og anna)	
Kv. 4	50	Ikkje registrert	Ikkje registrert	Nei	
Fv. 5320 Bjørnestadvegen	50	500	Over 4 meter	Nei	
Kv. 2021 Dalemarka	50	Ikkje registrert	Ikkje registrert	Ja	
Kv. 2112 Dalstøvegen	50	Ikkje registrert	Ikkje registrert	Nei (kun eit og anna)	
Kv. 2128 Fosse	50	Ikkje registrert	Ikkje registrert	Delvis	
Kv.2163 Fosseskarvegen	50	Ikkje registrert	Ikkje registrert	Nei	
Kv. 2104 Solberget	50	Ikkje registrert	Ikkje registrert	Ja, delvis	
Kv. 2101 Flatøyvegen	50	Ikkje registrert	Ikkje registrert	Ja, delvis	

Vegane er markert som særleg farlege på grunn av manglande tilbod til mjuke trafikantar. Viss det blir etablert tilbod til mjuke trafikantar på strekninga, vil markeringa kunna fjernast.

I tillegg til strekningane nemnt i tabell over, er det forslag til siktutbetring i kurve i Bustølvegen. Denne strekninga er skuleveg som svært mange born nyttar i tillegg til at det er køyreveg til eigedommar i området. Det er sett opp spel i området.



*Figur 19: Bilde som viser krapp kurve uten sikt på Buøyveien. Vegen går vidare til høgre i bildet. Mange skuleelevar kjem frå venstre i bildet og skal inn vegen til høgre (mot skulen).*

## 4 Haldeplassar

For skuleelevar som bur utanfor 4 km grensa og som uansett har rett til fri skuleskyss er det vegen fram til busshaldeplass og sjølve busshaldeplassen som bør vere trafikksikre for skulelevane. I dette prosjektet er det ikkje gjort ei slik vurdering. Det er berre strekningar innafor 4 km grensa som er vurdert.

Innafor 4 km grensa er det fleire av haldeplassane som ikkje oppfyller krav til utforming etter Statens vegvesen sine handbøker og/eller Skyss sin «Malverk for holdeplasser» (Hordaland fylkeskommune v/ Skyss, 2015). Dette gjeld også avstand mellom haldeplassane. For å sikre tryggleiken til elvane som skal nytte haldeplassane er det særskilt viktig å legge til rette for godkjente og trygge for venteareal i samband med haldeplassen. Det er ein stor fordel med leskur på haldeplass, men behovet for dette kan vurderast nærare på kvar stad.

For å få ei oversikt over alle haldeplassane og ei vurdering av desse, er det tilrådd å gjennomføre ei eiga kartlegging med forslag til eventuelle tiltak på haldeplassane i kommunen.

## 5 Tiltaksplan

Det er i all hovudsak bygging av fortau og eller gang- og sykkelveg som må etablerast på strekningane for å fjerne markeringa særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Lys på strekninga åleine, vil ikkje vere eit tiltak som fjernar markeringa særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, men lys vil i alle tilfelle vere eit tiltak som betrar trafikktryggleiken på strekningar ytterlegare i tillegg til fortau eller gang- og sykkelveg.

Tabell 5: Oversikt over tiltak fordelt på strekningar vurdert som særleg farleg/ vanskeleg for alle skuleelevar

Skulekrins	Vegnamn og nummer	Tiltak
Rossland	Fv. 564 Rosslandsvegen	Fortau / gang og sykkelveg
	Fv. 5318 Skjelangervegen	Gang – og sykkelveg
	Fv. 5316 Eikelandsvegen	Gang- og sykkelveg. Lys og siktutbetring.
Grasdalen	Fv. 5310 Ådlandsvegen	Gang- og sykkelveg
Vestbygd	Fv. 564 Rosslandsvegen	Gang- og sykkelveg
	Fv. 564 Rosslandsvegen, kryssingsstad	Siktutbetring. Vurdering av fartsgrense.
Sagstad skule og Meland ungdomsskule	Fv. 564 Rosslandsvegen	Gang- og sykkelveg
	Fv. 5310 Ådlandsvegen	Gang- og sykkelveg

## 6 Born sine føresetnader i trafikken

Om ein veg er særleg farleg eller vanskeleg, heng nøye saman med forutsetningar og modning hjå det einskilde born. Det som er særleg farleg for ein 6-åring er ikkje nødvendigvis like farleg for 10-åringen eller 15-åringen. Trafikkferdigheitane er heilt avhengig av relevant trening og opplæring. Det er også store individuelle skilnader mellom born på same aldersnivå. Teksten i dette kapitelet er henta frå Trygg Trafikk sin rettleiar «Særleg farlege eller vanskelege skuleveg».

### 6.1 Elevar på 1. trinn

Borna er som regel i trafikken saman med vaksne og har difor liten erfaring som sjølvstendige trafikantar. Kjenneteikn på elevar i 1.trinn:

- Liten trafikanterfaring
- Små av vekst og gjer det vanskeleg for dei å sjå og å bli sett
- Ser detaljar, men oppfattar ikkje alltid samanhengar
- Har vanskar med å forstå det dei ser og høyrer i trafikken
- Klarar ikkje å bedømme avstand og fart til bilar som nærmar seg
- Forstår ikkje at bilar kan dukke opp når dei sjølv ikkje ser dei
- Fylgjer reglar ukritisk

### 6.2 Elevar på 2. og 3. trinn

Kjenneteikn på elevar i 2. og 3. trinn

- Meir kroppskontroll, men framleis leikande og impulse
- Tenkjer konkret og treng konkret rettleiing
- Har vanskar med å ta andre sitt perspektiv
- Framleis opptatt av reglar

### 6.3 Elevar på 4. og 5. trinn

Elevar på dette nivået byrjar å få erfaring som sjølvstendige trafikantar. Kjenneteikn på elevar i 4. og 5. trinn:

- Har trafikanterfaring frå eige nærmiljø
- Ikkje lenger like regelbundne, reglar vert tilpassa eller droppa
- Stiller meir spørsmål og aksepterer ikkje ukritisk vaksne sine pålegg og tilrådingar
- Meir sjølvstendige
- Byrjar å relatere seg meir til jamaldrande



## 6.4 Elevar på 6. og 7. trinn

Kjenneteikn på elevar i 6. og 7. trinn:

- Kan overføre erfaringar frå ein situasjon til ein annan
- Kan generalisere kunnskap
- Kan forutsjå situasjonar, forstår at bilar kan kome sjølv om ein ikkje ser dei
- Har stor tru på eigne ferdigheiter
- Har evne til å ta andre sitt perspektiv
- Forstår betre konsekvensar av handlingar

## 6.5 Elevar på 8. til 10. trinn:

Elevar på ungdomstrinnet er mykje i trafikken på eiga hand. Kjenneteikn på elevar i 8. – 10. trinn:

- Har trafikkerfaring og ein god del trafikkunnskap
- Kan konsentrere seg
- Mangelfull risikoforståing
- Testar grenser
- Stor tru på eigne ferdigheiter og usårbarheit.

## 7 Klimatiske tilhøve

Det er i rapporten ikkje tatt omsyn til om skulevegen berre er særleg farleg for eksempel om vinteren. Men det er klart at nokre parti kan være særskilt vanskelege om vinteren. Der det er stor stigning eller stort fall på vegen kan det vere særskilt farleg om vinteren dersom det i tillegg er problem med ising i vegbana her. Ved kryssing av elv kan det vere større fare for ising på vegbana. Snømengde kan også vere eit problem. Der det er trong for større snølagringsplass langs vegen vert det mindre areal tilgjengeleg for mjuke trafikantar som ferdast langs vegen.

## 8 Haldningsskapande arbeid

For at elevar og andre skal ferdast trygt i trafikken og på skulevegen, krevjast det god og systematisk trafikkopplæring og trening. Det vert stilt krav til både kommunen (skulen) og foreldre. Når det vert godkjend skyss for dei fyrste skuleåra, bør det presiserast at både foreldre og skulen må trene med elevane på dei aktuelle utfordringane i trafikken, slik at elevane er i stand til å meistre desse når skyssen bortkjem. Mykje av teksten i dette kapitelet er henta frå Trygg Trafikk sin rettleiar «Særleg farlege eller vanskelege skulevegar».

### 8.1 Kommunen / skulen sitt ansvar

Kommunen skal ivarta sitt ansvar for elevane sin tryggleik på skulevegen gjennom skulen si trafikkopplæring og gjennom internkontrollsystemet i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar. Kunnskapsløftet krev at skulen gjennomfører ei trafikkopplæring med kontinuitet og progresjon gjennom heile grunnopplæringa. Internkontrollsystemet bør innehalde rutinar som ivaretek elevane sin sikkerheit i høve til trafikk.

### 8.2 Foreldra sitt ansvar

Foreldra har hovudansvaret for trafikkopplæringa av eigne born. Det er viktig at foreldra går den aktuelle skulevegen saman med borna og gjer korrekte val av kryssingspunkt, og lærer borna kva dei skal sjå og høyre etter og korleis dei skal oppføre seg når dei går langs vegen. Der borna har skuleskyss må opplæringa også omfatte korleis ein oppfører seg på haldeplass og i buss eller drosje. Dersom det vert godkjent skyss for ei avgrensa periode, er det viktig at foreldra samtidig trener mykje med borna, slik at dei er i stand til å ferdast på eiga hand når skyssen fell bort.

Foreldre er borna sine viktigaste rollemodellar og det vert stilt krav til deira eigen oppførsel i trafikken. Forventar ein at born skal opptre riktig i trafikken, må dei vaksne vere gode eksempel.